



Solund kommune,  
Postboks 73,  
6921 HARDBAKKE

Vår dato:

30.06.2021

Vår ref:

2021/1595

Dykkar dato:

20.01.2021

Dykkar ref:

20/353

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Solund kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Solund kommunestyre har i møtet 10. desember 2020, sak 055/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Vi vurderer kommunen sitt disposisjonsfond som tilstrekkeleg stort.

Kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Gjelda aukar ytterlegare i år som følgje av investering i ny skule. Låneopptaka bør vere vesentleg lågare enn avdraga i dei komande åra slik at gjelda blir redusert. Det er viktig for å ha økonomisk handlefridom og kunne møte utfordringar, blant anna knytt til svak folketalsutvikling.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 20,9 mill. Det utgjer 15,0 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 3,4 mill. Det utgjer 2,8 prosent av driftsinntektene. Det faktiske netto driftsoverskotet i år kan bli lågare enn budsjettet.

Kommunen har budsjettet med kr 25.426.000,- i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 75,9 mill.



Inntektsprognosene for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikke budsjettet for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosene.

Det er budsjettet med kr 1,4 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var det same.

Det er budsjettet med kr 9,0 mill. for 2021 i utbetaling frå Havbruksfondet. Utbetalinga i 2020 var om lag kr 20,4 mill.

Det er budsjettet med utbytte kr 1,7 mill. Dette er utbytte frå BKK og SF Holding.

Det er budsjettet med kr 7,8 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Det oppfyller minimumskravet i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 24,24 mill. Den største investeringa er i ferdiggjering av ny skule med bibliotek. Låneopptaket for 2021 er fastsett til kr 21,1 mill., der heile lånesummen gjeld den nye skulen med bibliotek. Den faktiske skuleinvesteringa kan bli større enn det som er lagt til grunn i budsjett og økonomiplan. Dette inneber auka behov for finansiering.

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 500.000,-.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 var kr 150,8 mill. Dette utgjorde 108,2 prosent av sum driftsinntekter, eller kr 191.800,- per innbyggjar.

### **Økonomiplan 2021 - 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er det lagt opp til netto driftsoverskot i 2022 og 2024, med netto avsetjing til disposisjonsfond. For 2023 er det lagt opp til netto driftsunderskot, planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. Variasjonane i pårekna netto driftsresultat i planperioden er knytt til variasjonane i utbetalingane frå Havbruksfondet.

Kommunen hadde ved utgangen av 2020 eit disposisjonsfond med kr 31,6 mill., eller 22,7 prosent av driftsinntektene. For heile planperioden frå 2021 til og med 2024 er det lagt til grunn ei samla netto avsetjing til disposisjonsfond med om lag kr 10 mill.

Lånegjelda kjem til å auke som følgje av låneopptak til ny skule. Det er rekna med at lånegjelda kjem til å bli redusert i dei komande åra, når skuleinvesteringa er gjort ferdig. Kommunen har planlagt eit vesentleg lågare årleg investeringsnivå i dei komande åra, samanlikna med investeringsnivået i år. Det er i denne planperioden lagt til grunn at låneopptaka blir avgrensa til kr 5,0 mill. årleg, utanom lån til investeringa i ny skule.



## Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal for 2021, i prosent av driftsinntektene:

- Netto driftsresultat på 0,05 prosent
- Netto lånegjeld med maksimalt 154,7 prosent
- Disposisjonsfond med 9,6 prosent

## Statsforvaltaren sine vurderinger

Det positive resultatet for 2020 skuldast i hovudsak den høge utbetalinga frå Havbruksfondet i det året. Utbetaling frå fondet blir vesentleg lågare i år.

Kommunen har eit høgt gjeldsnivå. Det faktiske gjeldsnivået er høgare enn lånegjeld målt i prosent av driftsinntektene gjer uttrykk for i 2020. Det må sjåast i samanheng med at kommunen hadde høge inntekter frå Havbruksfondet i 2020.

Gjeldsnivået aukar ytterlegare i år som følgje av investering i ny skule. Gjelda bør bli trappa ned i dei komande åra. Kommunen har lagt opp til at årlege lånepottek til å avgrensa til kr 5,0 mill., utanom lån til skuleinvesteringa. Det er viktig at kommunen ikkje tek opp meir lån enn dette.

Inntektene frå Havbruksfond har lagt til rette for å setje av midlar på disposisjonsfond som driftsreserve. Etter vår vurdering er disposisjonsfondet tilstrekkeleg stort. Vi vil difor rå kommunen til å nytte av årlege netto driftsoverskot til større driftsfinansiering av framtidige investeringar, i staden for å bygge opp disposisjonsfondet ytterlegare. Dette vil bidra til at lånbehovet blir mindre. Lånepottek bør vere vesentleg lågare enn avdraget slik at gjelda blir redusert i åra framover.

Kommunen har hatt ei svak utvikling i folketalet. Dette har blant anna negativ verknad på kommunen sine frie inntekter. Skuleinvesteringa er viktig for å bidra til å snu ei negativ utvikling. For å kunne ha økonomisk handlefridom i dei komande åra er det viktig å unngå at lånegjelta er for høg.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde  
fung. kommunaldirektør